



Landbruks- og matdepartementet
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Rune Lian, 51568754

Nasjonal jordvernpris 2023 - kandidat frå Rogaland


Vi viser til invitasjon frå Landbruks- og matdepartementet til å melde inn kandidat til Nasjonal jordvernpris 2023.

Vi har via vår nettstad oppmoda til å kome med forslag til kandidatar, men vi har ikkje fått inn forslag innan oppsett frist. Vi har derfor ut i frå vår kjennskap diskutert oss gjennom fleire kandidatar blant kommunane i Rogaland, og vi har kome fram til at vi vil foreslå **Haugesund kommune** som kandidat.

Haugesund er ein typisk bykommune, og må seiast å vere ein kommune med avgrensa landbruksbruksdrift. Det er totalt 9300 dekar jordbruksareal (om lag 50/50 dyrka jord og innmarksbeite) og det er 27 foretak som søkjer tilskot, og 3 bruk som har mjølkeproduksjon. Det er slik sett ekstra viktig å oppretthalde landbruksmiljøet, og kvart dekar dyrka jord blir ekstra viktig. Kommunen har klart fokus på at dei aktive bruka skal sikrast vidare drift, m.a. fordi beitedyr er viktige for å halde landskapet ope. Bynære landbruksområde er viktige natur- og friluftsområde.

Haugesund kommune har sett jordvern og berekraftig byutvikling høgt på politisk dagsorden, noko som har resultert i at dei har gjort eit aktivt grep i form av tilbakeføring av eit større jordbruksområde nord for byen som var regulert til utbygging. Områdeplan ved Fagerheim blei vedteken i 2018, til bustadføremål og tilhøyrande grøntområde. Dette må seiast å vere eit stort jordbruksområde sett frå lokalt nivå, og eit viktig arealgrunnlag for aktive gardsbruk. Delar av området har også viktige natur- og friluftsverdiar.

Bileta under viser planområdet, og korleis området ser ut i dag med jordbruksareal og naturområde. Innanfor planområdet er det om lag 230 dekar fulldyrka jord, 70 dekar overflatedyrka jord og 120 dekar innmarksbeite samt nærare 300 dekar skog og naturområde. Desse areala blir no sikra til vidare jordbruksdrift og naturområde.



Opphevinga av plan må skje etter reglane i plan- og bygningslova § 12-10. I kommunen si innstilling til Utval for plan- og miljø den 26.01.2023 skriv kommunedirektøren følgende:

Kommunens planstrategi 2019 – 2023, datert 06.04.2021, bestemmer hvilke planer som skal prioriteres i valgperioden. Sittende bystyre i Haugesund kommune har gjennom planstrategien vedtatt at områdeplanen ønskes opphevet og at områdene skal tilbakeføres til LNF og matjord på Fagerheim vernes. Vedtaket bygger på prinsippet om å bygge regionsbyen innenfra og ut, styrke byen som et kompakt sentrum og legge til rette for miljøvennlig transport. I planstrategien heter det: «Ta konsekvensene av manglende bevaring av matjord og bilbasert byutvikling ved å oppheve områdeplanen for Fagerheim. I rullering av kommuneplanen tilbakeføres hele Fagerheimområdet til LNF. Matjord på Fagerheim vernes».

Haugesund er ein kommune i vekst. Prognosane viser ein auke på opp mot 3000 personar fram mot 2050. Det blir likevel gjort gode grep for å styre veksten med mål om minst mogleg omdisponering av dyrka jord, og med fokus på utnytting av den utbygde by. Det blir også lagt vekt på å avgrense transportarbeid, m.a. anna gjennom utvikling av sentrum og sentrumsnære område. Vi oppfattar kommunen som lojal til kommuneplanen sin, med ein streng praksis i forhold til dispensasjonar for tiltak i jordbruksområda. Det er verd å merke seg kommunedirektørens si vurdering:

SSBs befolkningsframskriving gir en vekst på i underkant av 3000 personer fram mot 2050, og veksten skjer i de eldre aldersgruppene. En bofrekvens på 1,5 personer per bolig gir et boligbehov på 1600 i Haugesund kommune fram mot 2030 og rundt 2700 boliger mot 2050. Det er i pågående arbeid med kommuneplanenes arealdel kartlagt teoretisk boligpotensial i gangavstand rundt eksisterende bydelscenter og utvalgte punkt. Kartleggingen viser at boligbehovet alene kan løses innenfor de kartlagte områdene. Det er dermed ikke et større boligbehov som taler for å sette av områder for utbygging her.

Trass i vekst har kommunen ikkje omdisponert jordbruksareal dei siste fem åra sett bort i frå eit einskildtilfelle i 2021 kor 160 dekar dyrka jord blei omdisponert i samband med regulering av fylkesveg frå Fagerheim til Sveio. Det skal i denne samanhengen nemnast at fylkesvegen var naudsynt av omsyn til trafikktryggleik i området, og at ein vesentleg del av den dyrka jorda var beiteareal. Ut over dette har kommunen jamt over ikkje omdisponering av dyrka jord etter plan- og bygningslova eller jordlova.

Generelt er vår oppfatning at jordvern har fått ein større og viktigare status dei seinare åra blant både politikarar og administrasjon i kommunen, og vi meiner kommunen er ein verdig kandidat til nasjonal jordvernpris. Og då med hovudvekt på oppheving av ein relativt ny områdeplan for Fagerheim av omsyn til jordvern. Kommunen si vurdering er eit eksempel til etterfølging med omsyn



på jordvern, areal- og transportplanlegging, prioritering av sentrum og effektiv arealbruk. Vi legg derfor også ved kommunedirektøren si innstilling.

Kommunen sitt grep viser at kommunen følgjer opp nasjonale forventingar, statlege planretningsliner og *tek vare på matjorda*.

Atterhald

Oppheving av planen har ikkje vore endeleg behandla i kommunestyret. Vi tek derfor atterhald om at opphevinga som eit godt jordverngrep blir vedteke i kommunestyret. Vedteken planstrategi og prosessen knyta til formell oppheving av nemnte plan, tilseier at dette blir vedteke med klart fleirtal. Om ikkje vil vi trekke nomineringa av kandidaten.

Vi rår til at Haugesund blir tildelt Nasjonal jordvernpris for 2023.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Geir Skadberg
landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg

1 Oppheving av plan - førstegangsbehandling

Kopi til:

| | | | |
|------------------------|---------------|------|-----------|
| Haugesund kommune | Postboks 2160 | 5504 | Haugesund |
| Rogaland fylkeskommune | Postboks 130 | 4001 | Stavanger |